



Wellconnection Mongstad AS  
Storemyra 279  
5954 MONGSTAD

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/19 - 18/11539

Saksbehandlar:  
Linda Folkestad  
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:  
10.04.2018

## Etterlyser årsrapport for fettutskiljar - gbnr 127/106 - Førehandsvarsel om tilsyn

Teknisk drift kan ikkje sjå å ha motteke årsrapport for fettutskiljar anlegg ved - gbnr 127/106 med adresse Storemyra 279. Frist for innsending av rapport var 01.02.2018.

Som abonnent på avløpstenester i Lindås kommune er Wellconnection Mongstad AS ansvarleg for at det vert sendt inn dokumentasjon på utskiljaranlegg ved Storemyra 279. Dokumentasjon skal vise at anlegg tilfredsstillar krav til utslepp. Som grunneigar har IMR PROPERTY AS det juridiske ansvaret for anlegg som er knytt på kommunalt leidningsnett.

Teknisk drift ber Dykk om å få sendt inn årsrapport for utskiljaranlegg omgåande. Rapport skal ha følgjande dokumentasjon:

- Dokumentasjon på at det er gjennomført 3 tømminger av anlegg for 2017.
- Drift og vedlikehaldstrappport for anlegg
- Årsrapport for 2017.

Lindås kommune skal føre kontroll over alle utskiljaranlegg som har utslepp av fetthaldig avløpsvatn til kommunalt leidningsnett. Det er viktig at kommunen får kontroll over anlegga slik at ein unngår utslepp av fett på kommunalt leidningsnett, pumpestasjoner og reinseanlegg. Fett som vert avsett i kommunalt nett og som vert ført til pumpestasjoner og reinseanlegg medføre store drifts- og vedlikehaldskostnader for kommunen. Dette er kostnader som kommunen må dekke via gebyr eller ved å fakturere den ansvarlege for utslepp av fetthaldig avløpsvatn.

Fett begynner å løyse seg opp ved temperatur rundt 20°C. Utskiljaranlegg får dårlegare reinsefunksjon for kvar grad temperaturen auker over dette. Ved temperatur rundt 30°C har anlegg ingen funksjon. For at anlegg skal stette krav til utslepp av fetthaldig avløpsvatn bør temperatur i anlegg helst ikkje overstige 20°C. Dykkar anlegg viser at temperatur i enkelte perioder er så høg at anlegg ikkje fungerer optimalt. 2 av 3 temperaturlogger viser at anlegget, i perioder, har temperaturer opp mot 30°C og 37°C. Her må Wellconnection Mongstad AS finnes ut kva som er årsak til dei høge verdiane, kva tiltak ein kan gjere for å



unngå slike hendingar eller om ein bør vurdere om anlegg har for liten størrelse i forhold til maksimal produksjon ved kantina.

Fett som avleirast i leidningsnett kan òg medføre at ein får tilbakeslag av fetthaldig avløpsvatn/kloakk i bygg. Vi gjer merksam på at kommunen ikkje er ansvarleg for slike hendingar. Den enskilde huseigar må sjølv sørge for å få utbetra og dekke kostnaden ved slike hendingar.

**Frist for innsending av årsrapport vert sett til: måndag 30.04.2018.**

**Førehandsvarsel om tilsyn:**

På bakgrunn av manglande rapportering av anlegg ser vi eit behov for å føre tilsyn med anlegg i kommunen. Teknisk drift gir med dette brev eit førehandsvarsel om tilsyn av utskiljaranlegg ved Storemyra 279. Tidspunkt for tilsyn vil vi komme tilbake til i eget vedtak – varsel om tilsyn.

Med helsing

Arne Helgesen  
Avdelingsleiar vatn og avløp

Linda Folkestad  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Wellconnection Mongstad AS

Storemyra 279

5954

MONGSTAD